
Fra: Ole Knut Løstegaard [mailto:ole.knut.lostegaard@jd.dep.no]

Sendt: 27. september 2013 12:55

Til: Postmottak NHD

Emne: Høyring - innføring av risikobasert kontroll i fiskeindustrien - endringar i instrumentspesifikke forskrifter

Vi viser til høyringsbrev med tilhøyrande høyringsnotat frå NHD datert 9. juli 2013, NHD si sak 201203927-7/CEB.

Justis- og beredskapsdepartementet v/Lovavdelinga har følgjande regeltekniske merknad i saka:

I utkasta til endringar i forskrift om krav til ikkje-automatiske vekter § 50, forskrift om krav til transportbandveker § 5, forskrift om krav til automatiske diskontinuerlege summeriske vekter § 5, forskrift om krav til automatiske gravimetrisk fyllmaskiner § 5 og forskrift om krav til instrument for automatisk veging av enkeltmengder § 5 er det sagt at «Ved fiskemottak skal det i tillegg føres uanmeldt tilsyn basert på en risikovurdering.»

Det går derimot ikkje fram nokon av stadene om dette skal vere eit eige nytt ledd eller plasserast i eit av dei eksisterande ledda. Setninga er plassert nedanfor resten av paragrafane, med stort mellomrom og utan innrykk. Dette må endrast. Det kan ikkje fastsetjast at dei aktuelle paragrafane «skal lyde» slik utforminga i utkastet er.

Lista over høyringsinstansar skulle elles vore sett opp med dei andre statlege instansane samla etter departementa, og så med dei private aktørane i eiga gruppe til sist.

Dette kjem etter det eg har fått opplyst elles ingen merknader frå JD her.

Med helsing
Ole Knut Løstegaard
Fung. lovrådgjevar
Lovavdelinga i Justisdepartementet

Tlf. (222) 45339

e-post: ole.knut.lostegaard@jd.dep.no

Denne e-posten er beregnet for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Justis- og beredskapsdepartementet.

This email is confidential and may also be privileged. If you are not the intended recipient, please notify the Ministry of Justice and Public Security, Norway, immediately.